



Fylkesmannen
i Oslo og Viken



Ål kommune



BUSKERUD
FYLKESKOMMUNE



Utvalde kulturlandskap i jordbruket - Leveld Forvaltningsplan

Desember 2018



Forord

Ål kommune legg med dette fram forvaltningsplan for Leveld som utvalt kulturlandskap i jordbruksavdelingen. Planen skildrar mål, aktuelle tiltak og status for kulturlandskapet. Arbeidet har vorte koordinert av Fylkesmannens landbruks- og miljøvernnavdeling. Det har vore eit tett samarbeid med fageining for kulturminnevern i Buskerud fylkeskommune og Ål kommune. I tillegg har grunneigarrepresentantane gjeve gode innspel i arbeidet.

Fylgjande personar har vore med i utarbeidinga av forvaltningsplanen:

Fylkesmannen i Buskerud:

- Marit Surlien Hoen, landbruks- og miljøvernnavdelinga
- Per Rønneberg Hauge, landbruks- og miljøvernnavdelinga
- Åsmund Tysse, landbruks- og miljøvernnavdelinga

Buskerud fylkeskommune:

- Jørn Jensen, utviklingsavdelinga
- Ellen Anne Pedersen, utviklingsavdelinga

Ål kommune:

- Marit Torsrud Nerol, utviklingsavdelinga
- Ingvild Sundgot, utviklingsavdelinga
- Kristian Kvistad Holm, utviklingsavdelinga
- Rudi Austheim, Ål utvikling

Grunneigarrepresentantar:

- Ola Terje Oleivsgard, gardbrukar
- Knut Einar Haug, gardbrukar
- Steinar Larsen, gardbrukar

Andre grunneigarar

- Eirik-John Gurigard, gardbrukar
- Nils Kyrkjedelen, gardbrukar

Eirik Kolsrud, koordinator for forvaltningsplanen, leigd inn.

Vi vil takke alle for godt samarbeid!

Drammen, desember 2018

Fylkesmannen i Buskerud, landbruks- og miljøvernnavdelinga

Fylkesmannen i Oslo og Viken

Besøksadresse:
Grønland 32
Drammen

Postadresse:
Postboks 325
1502 Moss

Telefon: 69 24 70 00
fmovpost@fylkesmannen.no
www.fylkesmannen.no/ov

Framsidefoto:
Signe Fuglesteg Luksengard

Innhold

1 INNLEIING	4
1.1 Bakgrunn, organisering og prosess.....	4
1.2 Utvalt kulturlandskap i jordbruket	4
1.3 Målgruppe for forvaltningsplanen	5
1.4 Samarbeid mellom grunneigarane og kommunen.....	5
2 VISJON, STRATEGISK ANALYSE, MÅL OG STRATEGI	6
2.1 Strategisk analyse.....	6
2.2 Mål	7
2.3 Strategiar	7
2.3.1 Landbruk og bumiljø	7
2.3.2 Næringsutvikling	9
2.3.3 Kulturminne.....	10
3 FAKTA OG STATUS FOR LEVELD	12
3.1 Avgrensing av Leveld som utvalt kulturlandskapsområde.....	12
3.2 Skildring av området	13
3.3 Jordbruk	14
3.4 Kulturhistorie	16
3.4.1 Forhistorie	16
3.4.2 Busetningshistorie	18
3.4.3 Jord brukshistorie.....	18
3.4.4 Vagar	18
3.4.5 Bygningar og arealbruk	19
3.4.6 Stader med spesielle verdiar	20
3.5 Botaniske verdiar	21
3.5.2 Artar	22
3.5.3 Kartleggingar	22
4 ØKONOMI OG KOSTNADER	24
4.1 Budsjett	24
4.2 Dagens tilskotsordningar.....	24
4.2.1 Produksjonstilskot	24
4.2.2 Regionale miljøtilskot (RMP)	25
4.2.3 Spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL)	26
5 LOVVERK	28
5.1 Kommuneplanen for Ål - status for Leveld	28
5.2 Statlege føringar.....	29
5.3 Lover knytt til jordbruket	29
5.4 Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse	29
5.5 Regionale planar	29
6 VEDLEGG	30
6.1 Dei ulike gardane	31
6.2 Eldre bygningar	36
6.3 Endringar i perioden 2008-2018.....	38
6.4 Naturtypar	38
6.5 Status botanisk kartlegging	39

1 INNLEIING

Forvaltningsplanen skal være eit hjelpemiddel for å ivareta Leveld som eit verdifullt og utvalt kulturlandskap i jordbruket.

1.1 Bakgrunn, organisering og prosess

I 2009 vart Steinssletta i Ringerike og Hole kommunar valt ut som Buskerud sin representant til nasjonalt utvalt kulturlandskap i landbruket (UKL). I januar 2017 bad Landbruksdirektoratet, Miljødirektoratet og Riksantikvaren alle fylka om å gjera framlegg om to til tre nye kulturlandskapsområde frå fylket sitt.

Fylkesmannen i Buskerud foreslo Leveld, Uvdal kyrkjebygd i Nore og Uvdal og ei utviding av området på Steinssletta. Leveld vart valt som eit av ti nye område etter ei formell utveljing av Klima- og miljødepartementet (KLD) og Landbruks- og matdepartementet (LMD) i mai 2017.

Ål kommune vart kontakta før fylkesmannen sendte inn forslaga med kandidatar frå Buskerud. Kommunen var positiv og informerte grunneigarane undervegs i prosessen. Oppstartsmøte av UKL Leveld var 13. juni 2017. I alt 25 grunneigarar møtte opp, og Leveld grunneigarlag bestemte seg for å føreslå tre representantar til ei arbeidsgruppe for UKL Leveld. Føremålet med møtet var å informere om kvifor Leveld var valt ut i Norge, drøfte prosessen vidare og sjå nærmere på avgrensinga av området.

Sommaren 2017 gjennomførte Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO) ved Kristin Daugstad kartlegging av naturtypar i Leveld. Det vart valt ut fem område som var omtala i rapporten *Tilstandsvurdering av kulturlandskap i Telemark og Buskerud* (NIBIO 2016). Denne naturtypekartlegginga er teke med som ein del av forvaltningsplanen.

1.2 Utvalt kulturlandskap i jordbruket

Føremålet med *Utvalde kulturlandskap i jordbruket* er å sikre eit utval av godt bevara kulturlandskap. Områda skal ha særleg store kulturhistoriske, biologiske og økologiske verdiar, representere variasjonen av spesielt kulturlandskap knytt til jordbruket og utgjere heilsakleg landskap med struktur og innhald forma av kontinuerleg drift over lang tid. Områda skal få sikra langsiktig forvaltning ved føreseieleg drift, skjøtsel og vedlikehald.

1.3 Målgruppe for forvaltningsplanen

Forvaltningsplanen skal vera ein rettleiar for grunneigarane/brukarane og forvaltninga for å ta vare på kvalitetane Leveld har som utvalt kulturlandskap.

Fylgjande blir den primære målgruppa for forvaltningsplanen:

- Grunneigarane og brukarane i Leveld. Grunneigarane er alle som eig eigedom innanfor området. Brukarane er dei som på ein eller annan måte driv med landbruksrelatert verksemd og skjøttar kulturlandskapet innanfor området
- Ål kommune
- Buskerud fylkeskommune, Utviklingsavdelinga
- Fylkesmannen i Buskerud, Landbruks- og miljøvernnavdelinga

Det vil i tillegg til desse vera andre som har nytte av forvaltningsplanen og som kan vera med på å ta vare på området på ein god måte.

1.4 Samarbeid mellom grunneigarane og kommunen

Forvaltningsplanen har vorte til gjennom godt samarbeid mellom forvaltninga og grunneigarane. Det er grunneigarane som kjenner området best, og som i framtida skal drive næring og skjøtsel i Leveld.

Ved utarbeidninga av forvaltningsplanen vart det difor sett ned ei gruppe som skulle jobbe meir med skjøtsel av området. Dei som var med i gruppa var jordbruksforvaltar Marit Torsrud Nerol frå Ål kommune, dei tre grunneigarane i arbeidsgruppa, samt grunneigarane Nils Kyrkjedelen og Eirik-John Gurigard.



Bilde 1. Leveld - ei bygd med aktivt landbruk. Foto: Jørn Jensen

2 VISJON, STRATEGISK ANALYSE, MÅL OG STRATEGI

Visjon: *Leveld skal vera ei levande bygd som tek vare på kvalitetane i kulturlandskapet vårt gjennom eit aktivt og innovativt landbruk*

2.1 Strategisk analyse

For å få oversikt over sterke og svake sider i bygda, samt moglegheiter og trugsmål, vart det utarbeidd ein analyse. Analysen gjorde det lettare å sjå kva for mål som skal setjast for UKL Leveld.

STYRKE <ul style="list-style-type: none"> - Flott landskap - Gode beite - God demografisk samansetning - Godt maskinsamarbeid - Skule og barnehage midt i bygda - Sterk lokal identitet - Velfungerande grunneigarlag - Leveld Kunstnartun 	SVAKHEIT <ul style="list-style-type: none"> - Ikkje nok dyrka mark - Teiginndelinga - Bratt areal - Ein del tungdrive areal - Utfordrande arealløysingar for nybygg/tilbygg av driftsbygningar - Gamle driftsbygningar
MOGLEGHET <ul style="list-style-type: none"> - Byggje opp stolthet og heie på kvarandre - Tilegne seg ny kunnskap utanfrå - Tilleggsnæringer - Leveld Kunstnartun 	TRUGSMÅL <ul style="list-style-type: none"> - Færre aktive bønder - Kutt i UKL-tilskot og andre statlege overføringer - Sviktande lønsemd i landbruket - Gamle driftsbygningar - Attgroing - Dårlege gjerde

Tabell 1. Strategisk analyse

2.2 Mål

For Hovudmål - UKL Leveld skal fremje bygda med:

1. Innovative løysingar som kombinerer skjøtsel av kulturlandskapet med moderne landbruksproduksjon
2. Målretta arbeid for å tydeleggjera særpreget til kulturlandskapet i Leveld
3. Å bli eit utstillingsvindauge for fjellandbruket i Noreg

2.3 Strategiar

2.3.1 Landbruk og bumiljø

For å sikre kvalitetane i UKL Leveld, er det ein føresetnad at jordbruket held fram med mange nok gardbrukarar og dyr. Det må vera ein balanse mellom omsyn til rasjonelt jordbruk, biologiske verdiar og kulturminne. Jordbruket i Leveld må innehalde innovative løysingar som kombinerer skjøtsel av kulturlandskapet med moderne landbruksproduksjon.

For å halde kontinuitet i skjøtselen er det viktig at menneska som bur der trivast.



Bilde 2. Geit er ein god kulturlandskapskjøttar. Foto: Ellen Svalheim

Mål	Strategi
Allsidig og innovativt landbruk for å halde oppe drifta	<ul style="list-style-type: none"> - Vidareføre godt samarbeid mellom bøndene knytt til drift - Hente kunnskap/inspirasjon utanfrå - Halde oppe og vidareutvikle eit godt fagmiljø - Laga møtepunkt
Ta vare på og utvide fulldyrka areal	<ul style="list-style-type: none"> - Finne alternativ til fulldyrka areal ved nybygg - Tilskotsordningar for drenering av eksisterande fulldyrka areal og skjøtsel av bratt areal i tillegg til dei eksisterande statlege satsane - Tilskotsordning for nydyrkning - Kjøpe inn tohjulstraktor (til dømes Brielmaier) - Ta i bruk alt landbruksareal
Utvide og forbetra beiteareal	<ul style="list-style-type: none"> - Tilskotsordning for maskinell og manuell rydding - Sambeiting med ulike dyreslag - Vedlikehaldsrydding der ikkje sambeiting er aktuelt - Info om gjerdeplikt
Vedlikehalde og forbetra bygningsmassen	<ul style="list-style-type: none"> - Bruke profesjonell rådgjeving ved ombygging/nybygging av bustad og driftsbygningar om grunneigar/kommune ser det som naudsynt
Ta vare på og restaurere eldre verneverdige bygningar	<ul style="list-style-type: none"> - Oppdatere kartlegging av eldre bygningar - Setje i stand eldre/verneverdige bygningar i samråd med kulturstyremaktene
Legge til rette for trivsel og oppretthalde/legge til rette for meir busetjing	<ul style="list-style-type: none"> - Forlenge gang- og sykkelveg frå skulen til Feten - Planere lysløypetraséen til sykkelløype om sommaren - Setje i stand mjølkeramper - Syste for tilgjengelege bustadtomter
Fleire arbeidsplassar på kvart bruk	<ul style="list-style-type: none"> - Ta i bruk garden og brukaren sine ressursar

Tabell 2. Landbruk og bumiljø - mål og strategiar

2.3.2 Næringsutvikling

Merkevara UKL gjev mogelegheiter for ny næringsverksemd i Leveld som til dømes overnatting, opplevingar eller andre næringar innan reiseliv. Det kan òg fremje ein marknad for råvarer og eventuelt vidareforedla produkt.

Mål	Strategi
Legge til rette for opplevingar og reiselivsutvikling	<p>Forprosjekt for utarbeidning av pakker til reiselivet.</p> <p>Døme:</p> <ul style="list-style-type: none"> – <i>Open gard; dyr å sjå på/kose med, kunnskapsformidling</i> – <i>Guida tur på natur- eller kulturstig m/måltid</i> – <i>Overnatting – t.d. fôrlu, stabbur</i> – <i>Lokalmatpakke</i> – <i>Kunstnartunet; kunstkurs, utstillingar</i> – <i>Sauesanking; utvikle produkt for sal</i> – <i>Slåttekurs/arrangement</i>
Gje matopplevingar for fastbuande og turistar tufta på lokalt næringsliv	<p>Setje i gang prosjekt for å kartleggje kva som skal til for å få meir lokalforedling og sal av produkt i Leveld.</p> <p>Døme:</p> <ul style="list-style-type: none"> – <i>Lokalmatpakke</i> – <i>Nisjeproduksjon/vidareforedling</i> – <i>Leveld Briskjelag - Rydding</i> – <i>Produksjon av treak (treak er godteri som er koka av briskebær)</i> – <i>Styrke lokalt næringsliv</i> – <i>«Fjøspub»/selskapslokale i gamal låve</i>
Andre tilleggsnæringar	Inn på tunet (grøn omsorg)

Tabell 3. Mål og strategiar – næringsutvikling



Bilde 3. Mogleheit for omsetning av lokal mat? Foto: Jørn Jensen

2.3.3 Kulturminne

Kulturlandskapet i Leveld har ein tunstruktur som kan gå langt attende i tida, og eit heilskapleg jordbrukslandskap utan store landskapsendringane i nyare tid. Innanfor området er det ei mengd kulturminne som også gjev grenda ei historisk tidsdjupn. Mange av kulturminna er frå før 1537 og dermed automatisk freda. Dei fortel om ei omfattande kolbrenning og jernutvinning i og omkring Leveld i jernalder og mellomalder, medan dei små rydningsrøysene i beitelandskapet kan gå attende til den første busetingstida. Dei fleste kulturminna er frå nyare tid, og mange av desse er verneverdige. Døme er bygningar i og utanfor tun, steingardar, større rydningsrøyser og stigar/vegar. Desse kulturminna er med på å fortelje bygda si historie og dei har stor opplevingsverdi.

Mål	Strategi
Ta vare på og synleggjere kulturminne	<ul style="list-style-type: none"> - Kartlegging av steingardar, tufter, rydningsrøyser, kolgroper og andre typar kulturminner - Utarbeide skjøtselsplan for desse kulturminna - Utarbeide skjøtselsplan for slått og beite inntil kulturminne - Utarbeide tilskotsordning - Setje i stand kulturminne i samråd med kulturstyresmaktene om naudsynt
Ta vare på gamle stigar og vregar	<ul style="list-style-type: none"> - Kartlegging av gamle stigar og vregar - Rydding av utvalde stigar og vregar
Ta vare på og ta i bruk verneverdige bygg	<ul style="list-style-type: none"> - Kartlegging og vurdering av verneverdi av eldre bygg (før 1940) - Ved ombygging; Sjå om det let seg gjera å bruke delar av bygningsmassen

Tabell 4. Kulturminne - mål og strategi



Bilde 4. Nyere tids kulturminne? Foto: Ellen Svalheim

2.3.4 Biologisk mangfald

Naturtypar som slåttemark og naturbeitemark er i sterk nedgang på landsbasis. I og med at dei blir meir sjeldne, er artane som er knytt til desse naturtypane òg truga. Desse artane har spesialisert seg på skrinn jord, og er avhengig av lang kontinuitet i skjøtselen. Mange insekt er knytt til ein spesiell planteart. Om det blir få av denne plantearten, blir livsgrunnlaget til insekta kritisk redusert. Dette gjev ringverknader i næringskjeda og går dermed ut over fleire artar.

Mål	Strategi
Ta vare på og leggje til rette for biologisk mangfald	<ul style="list-style-type: none"> - Utarbeide skjøtselsplanar for eksisterande lokalitetar - Reregistrere dei eldre lokalitetane - Stimulere til slått i slåttemarker med høgt mangfald - Kartleggje insekt- og fugleliv
Skjøtte vegkantane	<ul style="list-style-type: none"> - Utarbeide skjøtselsplan for vegkantane - Utarbeide tilskotsordning - Kan bli tilleggsnæringer for ein bonde eller andre interesserte
Kartleggje nye aktuelle områder	<ul style="list-style-type: none"> - Veslegard 61/1: slåttemark som blir slått og bakketørka - Kyrkjedelen 64/3 (Glennestølen): naturbeitemark - Løkensgard 58/6 og 58/15: engvegetasjon - Lappegard 65/1 og 65/2: tørrbakke

Tabell 5. Biologisk mangfald - mål og strategi



Bilde 5. Sauenæringera er ein viktig del av landbruket i Leveld. Foto: Jørn Jensen


3 FAKTA OG STATUS FOR LEVELD

Leveld er ei levande jordbruksgrend i Nordbygdene i Ål, i ein sidedal til hovuddalføret Hallingdal. Grenda ligg om lag 15 km frå Sundre, sentrum i kommunen. Her er det om lag 55 bruk. Alle blir nytta av eigaren eller dei blir leigd bort. Nøyaktig tal på bruk varierer etter korleis ein reknar. Dei minste brukene som er rekna med fell utanfor dagens definisjon av landbrukseigedom. Dei er like fullt viktige for kulturlandskapet.

3.1 Avgrensing av Leveld som utvalgt kulturlandskapsområde

Gardane frå Bergton 74/5 i vest til Springgard 58/5 i sørøst, er med. Nødre avgrensning går langs åsgjerdinga ovanfor heimstølane. I vest er avgrensinga i eigedoms grensa til Bergton, og sørleg avgrensning går stort sett langs Votna. Unntaket er området rundt Gunnarstølen og lysløypa. I aust følgjer grensa bekken Løken. Tilskotsobjekt som ligg utanfor UKL-området kan søke tilskot, om bruket ligg innanfor. Totalareal på området er på 6716 dekar.

Dalbotnen stig frå 635 m.o.h. aust i området til 730 m.o.h. i den vestre delen. Dei fleste gardane ligg midt i den sørvende lia med tun mellom 725 - 770 m.o.h. Den inngjerda beitemarka strekkjer seg opp til nærmere 1000 m.o.h.



Figur 1. Kart med avgrensning av Leveld som utvalgt kulturlandskap (areal, på om lag 6716 dekar)



Figur 2. Flyfoto med avgrensning av Leveld som utvælt kulturlandskap (areal på om lag 6716 dekar)

3.2 Skildring av området

Fylkesveg 244 går i dalbotnen, medan Leveldvegen tråkler seg mellom gardstuna. Det meste av den fulldyrka marka ligg nedanfor tuna. Teigane i dalbotn er dyrka myr. Ovanfor gardstuna ligg innmarksbeitene.

Berggrunnen er grunnfjell, særleg bergartane amfibolitt, metagabbro og gabbro. I dalbotnen er det lausmasseavsetningar, med eit relativt tjukt morenedekke. I lia ovanfor busetnaden er dette laget tynnare. I den nordvende lia sør for Votna er det gran- og furuskog opp til rundt 980 m.o.h.

Barskogen er glissnare dess høgare ein kjem, og går etter kvart over i fjellbjørkeskog. Dei lågast liggjande delane er i den mellomboreale vegetasjonsregionen (midtre barskogsonen), medan dei høgareliggjande delane av den sørvende lia er i den nordboreale regionen (fjellskogsonen). I dei sørvende liene er det fjellbjørkeskogen som dominerer. Kulturmarka er i hovudsak godt gjødsla, og ein finn berre fragment av den naturlege slåttengvegetasjonen.

Dei kulturhistoriske verdiane er fyrst og fremst knytt til det heilskaplege jordbrukslandskapet, det vil seie plassering av tuna og eigedomssstrukturen. Midt i bygda ligg tuna tett saman på rekke midt i den sørvende lia. Kvar gard har smale teigar med innmark (eng og beite) både ovanfor og nedanfor tunet, og skog høgare opp og på den andre sida av dalen. Steingjerde i grensa mellom eigedomane er typisk. Her er mange verneverdige einskildbygningar, og nokre få heilskaplege tun med berre eldre verneverdige bygningar. Dei austlegaste og vestlegaste delane av grenda har meir preg av ei vanleg fjellbygd.



Bilde 6. Leveld sett frå sør. Foto: Jørn Jensen

3.3 Jordbruk


Leveld er ei aktiv jordbruksarena med grasproduksjon og eit variert husdyrhald. Det er sau som dominerer. Sauetalet har auka litt etter år 2000 (sjå tabell). I dag er det nærmare 3500 sauar i Leveld. I same perioden har talet på geit auka med om lag 500 dyr. Utviklinga innan storfehald har derimot vore negativ. Det gjeld særleg talet på mjølkekyr. I dag talet på storfe rundt 100 dyr totalt.

Dyreslag/år	2000	2006	2011	2016
Mjølke-/ammekyr	84	65	68	35
Ungdyr - storfe	75	71	100	71
Sau, vaksne og lam	3 159	2 956	3 288	3 438
Geit, vaksne og lam	368	497	541	896
Hestar, over 1 år	-	1	8	5
Totalt	3 686	3 590	4 005	4 445


Tabell 6. Husdyr i Leveld i perioden 2000-2016 (frå søknad om produksjonstilskot)

Samla har det vore ein positiv utvikling i talet på husdyr i Leveld etter år 2000. I 2016 er var det totalt 4445 husdyr på innmarksbeite, medan tilsvarande i år 2000 var 3686. Det har vore ein samla auke på 759 dyr i denne perioden (sjå figur). Tilnærma all dyrkamark og innmarksbeite er i bruk, men noko av beitearealet har svakt beitetrykk.

Utviklingen i antall dyr på innmarksbeite i Leveld




Figur 3. Utvikling i talet av dyr på innmarksbeite i Leveld har vore positivt etter år 2000 (tal henta frå søknad om produksjonstilskot)



Figur 4. Kart som syner kvar det er husdyrbuskaper i Leveld (sau, geit, mjølkekyr, ammekyr og hest, frå Landbruksregisteret 2017)

Talet på dyr i Leveld har auka medan talet på aktive gardbrukarar har gått ned frå 25 til 16 i same periode. Det tyder at dei gardbrukarane som held stand har større buskapar enn tidlegare. Tilsvarande trend ser me for heile Ål kommune (sjå figur).

Utviklingen i ant. brukere som har søkt PT-tilskudd for husdyr på innmarksbeite i Ål kontra Leveld



Figur 5: Utviklinga i talet på gardbrukarar som har søkt produksjonstilskot for husdyr på innmarksbeite i Ål og Leveld i perioden 2000-2016.

3.4 Kulturhistorie

3.4.1 Forhistorie


Det har vore folk i fjella i øvre Hallingdal sidan jegersteinalderen, 8000-4000 f. Kr. Dei fyrste spora etter folk med beitedyr i Ålfjella går 5000 år attende i steinalderen, medan tamdyrhald ikkje sette spor etter seg nede i dalen før i midten av bronsealderen, om lag 1100-1200 f. Kr. Det er gjort nokre få analysar av pollen frå dalbotnen. Dei fyrste spora etter korndyrkinga var til dømes i Nes rundt Kristi fødsel, og i Hemsedal på 600-talet. Tre spydspissar av jern frå 100-200-talet er dei eldste gjenstandane av metall i Hallingdal. Det er òg funne spydspissar på høgfjellet og i stølsområde i Hol, Ål og Hemsedal. Desse spydspissane understrekar at fangst i fjellet var særsviktig i eldre jernalder.

I utmarka kring Leveld er det ei mengde kulturminne. Innanfor Leveld utvalde kulturlandskap er det 45 kjende kulturminne, der dei fleste er automatisk freda. Kulturminne frå forhistorisk tid og mellomalder er automatisk freda. Både innanfor landskapsområdet og utanfor er det minne etter kolbrenning og jernutvinning frå 300-talet til 1300-talet som dominerer. Det er òg ei fangstgrop, eit gardsanlegg med tufter som kan ha røter tilbake til mellomalder, fleire tufter som ikkje er daterte, samt ein godt bevart husmannsplass med ruinar etter bygningane og spor av åkerbruk i beitemarka.

Nær gardane i Leveld er det gjort to jordfunn. Det fyrste er ein spissoval beltestein som er funne like ovanfor tunet på Lappegard. Dette er ein eldslagingsstein som var festa til eit belte. Slike steinar vart brukte som eldlagingsreiskap i perioden 300-500 e. Kr., før eldstålet vart teke i bruk. Slike beltestein er vanlege i graver frå den tida, og det er ikkje utenkjeleg at han kan vera frå ei grav. Det andre jordfunnet er overliggaren til ei dreiehandkvern, som vart funne kring 1960 i ein vegsving sør aust for Veslegard under nybrotsarbeid. Kvernsteinen er flat under, uregelmessig på oversida, og har ei tidlaus form. Han kan vera laga så tidleg som 200-talet, og så sein som mellomalderen.

Rett aust for Løkensgard ligg det ei gammal tuft. Plassen blir kalla Fredlausholen, og tradisjonen fortel at då Ola Olson vart dømd for drap i 1737, rømde han og gjøymde seg her.

Også i Oleivsgard er det eldre tufter og eit stykke med små rydningsrøyser, kan hende minne frå den fyrste dyrkinga i Leveld.



Figur 6. Kart over kulturminne i og omkring Leveld, først og fremst minne etter kolbrenning og jernutvinning fra jernalder og mellomalder (AD 300-1400). Utsnitt fra Riksantikvaren sin kulturminnebase Askeladden.

Se kapittel 6. VEDLEGG. Tabell 10: Arkeologiske kulturminne frå jernalder og mellomalder i Leveld.

3.4.2 Busetningshistorie

Følgjande står i "Aal bygdesoge" av Lars Oppsata:

"Det er grunn til å tru at Leveld var nokso tett busett før Svartedauden, men at bygda etter den vart heilt avfolka. Dei fleste namn på gardar må skrive seg frå før Svartedauden, og er truleg frå tidleg millomalder. Av dei eldste gardane er sikkert Haug, Leveld (Oleivsgard) og Håheim. Mange av gardane med namneendinga -gard er sikkert utsilde frå ein eldre opphavleg gard. På 1500-talet var fleire gardar i Leveld underbruk til gardar nede i hovuddalen. Og sist på 1500-talet og fyrst på 1600-talet vart dei fleste gardane i Leveld tekne oppatt som sjølstendige bruk." (I 1697 var det 15 busette bruk i Leveld).

Namnet Leveld kjem av "leikvollr", som tyder ein stad for leik og dans. Leikvoll-namnet, som ein óg finn i Gol og Torpo, er brukt på sentrale og gamle gardar. Truleg var det ein leikarvoll midt i bygda. Leikvollr var det opphavlege namnet på garden Oleivsgard. Dei to namna vart brukte om kvarandre gjennom 1700-talet.

3.4.3 Jordbruks historie

Dei viktigaste jordbruksareala i Leveld låg tidlegare på innmarka ovanfor tuna. Her var brattlendt, men god sandhaldig moldjord som eigna seg til åker. Dei mest lettdrivne areala vart vekselvis brukt til potet- og korndyrking. På åkerjord som ikkje veksle med potet, vart delar av åkeren lagt brakk kvart fjerde år. Då vart all småsteinen samla i små røyser, slik at ein kunne slå graset som kom opp om sumaren. Seinare vart åkerlappen pløgd opp att, gjødsla og sådd til med korn i tre nye år. Ein slik brakklagt åkerlapp kalla ein i Leveld for ei kjolve. Åkrar som låg brakke over fleire år vart kalla eikrer.

I tida mellom 1890 og 1930 vart mykje av innmarka brote opp og steinen var samla i større rydningsrøyser, eller i dei lange steingjerda som framleis pregar landskapsbiletet. Slik vart drifta intensivert og ein kunne etter kvart koma til med betre reiskap og maskinar.

Lenger opp i lia låg heimehamna. Dette var store beiteareal, og fleire av gardane hadde heimstøl her. Langs heile åssida gjekk ein ferdselsveg kalla Åsvegen. På myrene innover mot fjellet vart det mellom anna teke ut torv til brensel og til tekking av hustak.

Nede i dalbotnen var det tyngre og djupare myrmark. Dei fuktige naturengene her vart sjeldan pløgd opp. I dette området hadde mange av gardane høylører. Mellom anna på grunn av større fare for frost i dalbotnen var det tidlegare lite busetnad her, berre nokre få husmannsplassar.

3.4.4 Vegar

Den opphavlege ferdselsåra gjennom grenda gjekk frå tun til tun oppe i lia, medan vintervegen gjekk i dalbotnen. Den nye Nordbygdvegen, som sto ferdig rundt 1855, vart lagt her nede. Dette førte til at mange av gardane bygde kvar sin gardsveg ned jordet til den nye vegen. På 1900-talet har nye driftsmåtar, samt auka vare- og persontransport til gardane, stilt nye krav til vegane. Ny køyreveg mellom tuna vart bygd i 1950-åra, om lag der den eldste ferdselsåra hadde vore. I forvaltningsplanen er vegen nede i dalbotnen kalla fylkesvegen, medan vegen mellom tuna er kalla bygdevegen.



Bilde 7: Leveld på 1950-talet. Veslegard ligg i fremst i biletet, Gurigard ser me i bakgrunnen.

3.4.5 Bygningar og arealbruk

Leveld er trass i at grenda ligg høgt, ei aktiv jordbruksgrend med hovudvekt på grasproduksjon, sau- og geitehald, men her er óg storfe. Bygningsmiljøet er blanda, eit kjenneteikn på tilpassingsdyktige landbruksmiljø der gamle og nye hus ofte står side om side. Dei fleste tuna ligg på ei rekkje langs bygdevegen. Dette, i lag med den karakteristiske teigdelinga, gjer at bygda har sær preg. I Leveld er bygningsmassen meir konsentrert enn i mange andre bygder, og innslaget av nyare bygningar er markant.



Bilde 8. Leveld i 2008. Foto: Jørn Jensen

Eldre bygningar finst det framleis mange av, men ofte er det óg eit nytt våningshus i tunet, utan samanheng med lokal tradisjon. Dei fleste bruk har store nyare driftsbygningar. Einskilde gardar har likevel framleis eit tradisjonelt og heilskapleg preg, mellom anna Veslegard, Torsteinsrud og Gudbrandsgardhaugen. Langs fylkesvegen nede i dalbotnen er det einskilde bruk frå første halvdel av 1900-talet, samt nokre nyare bustadhus.

3.4.6 Stader med spesielle verdiar

Tunrekka langs bygdevegen har fått stor merksemd i kulturlandskapssamanheng. Dei stadane som er nemnde nedanfor ligg i dalbotnen, og er med på å utfylle biletet av kulturlandskapet i Leveld.

Veslegardhaugane, 61/1:

På sørsida av fylkesvegen, aust for Gunnarhaugen, er det eit beite som er i hevd. Det er òg restar etter ein liten åker, Haugaåkeren, som hørerde til husmannsplassen Gjøta. Her er det eit sumarfjøs i bindingsverk og restar etter ei løe i tømmer. Kupert terreng med steingjerde rundt.

Bakrang, 63/18:

Frå bygdeboka: "Bakrang ligg i bakhalla av Gunnarhaugen, nedanfor fylkesvegen og litt søraust for Leveldtun. Her ligg no tufter og rudningsrøysar mellom grovstein og jordlappar, eit fint døme på gammalt kulturlandskap frå tida før traktor og gravemaskin."

Fleire fine røyser, tufter, ei løe i bindingsverk nær vegen.

Solvang, 66/7:

Her låg posthuset i Leveld i mange år. Eigedomen er utskilt i 1907. Bustadhuset i enkel sveitserstil er truleg frå same tid.

Gudbrandsgardhaugen, 68/3:

Tun på ein liten haug ovanfor fylkesvegen, fleire eldre små hus. Stugu er svært sjeldan såkalla ramloftstugu. Ho er flutt frå øvre Oleivsgard i 1861. Det har ikkje budd folk i stugu etter midt på 1970-talet.

Mellan veggen og elva har dette bruket og Gudbrandsgard 68/1 i aust eit beite som ikkje er rydda for stein, og framleis er i bruk. Langs grensa mot Medgardshaugen 69/3 i vest går det ein veg ned til bru over elva. Vegen er mura opp og ligg høgare enn terrenget på sidene.

Rett ovanfor det gamle tunet vart det i 2013 bygd nytt bustadhus og garasje.

Medgardshaugen, 69/3:

Tunet ligger rett ved sida av Gudbrandsgardhaugen 68/3 i aust. Tunet er eit tett firkanttun med berre eldre bygningar. På sørsida av vegen er eigedomen Fjellheim 69/23 på ein haug, med eit 1940-tals bustadhus og eit uthus på ein høg natursteinsmur.

Fjellheim, Leveld Kunstnartun, 69/23:

Tunet ligg på ein haug like inntil fylkesvegen. Bustadhuset vart bygd på 1950-talet og etter kort tid selt til Ål kommune til lærarbustad. Uthuset/skålen er gammal, meda «låven» er heilt ny. På granneigedommen ligg ei lita stugu, kalla Astridstugu. Huset var opphavleg verkstad til han som bygde «lærarbustaden», og vart på 1960-talet flytta heil til den nye tomta lenger vest

I 2012 vart det såkalla Bjørneboe-loftet flytta til kunstnartunet. Forfattaren Jens Bjørneboe kjøpte det i 1951 og flytta det frå søre Øylien til Underberget. Han nytta loftet som feriebustad. Ny plassering av Bjørneboe-loftet var opptakten til Leveld Kunstnartun. I samband med at Leveld Kunstnartun vart oppretta, vart både lærarbustaden og Astridstugu sette i stand og uthuset vart innreia som atelier. I 2016 vart det sett opp eit nybygg på 100 m² som inneheld atelier og forsamlingslokale. Leveld Kunstnartun er ein tverrfagleg og sjangerfri arbeidsstad der kunstnarar kan søkje gratis arbeidsopphald i kunstnartunet. Om lag 25 kunstnarar bur her årleg. Det er óg utstillingar i skogen bak tunet, og området er flittig besøkt.

3.5 Botaniske verdiar

Nokre av artane som er knytt til naturtypane som finst i Leveld står i fare for å døy ut. Mykje av grunnen til at dei kan bli borte er at naturtypane har vorte sjeldne på landsbasis. Det kjem i stor grad av effektivisering i jordbruket og attgroing ved nedlegging av drift. Dette får konsekvensar for fugle- og dyreliv i og med at mange insekt er knytt til dei planteartane som veks i desse naturtypane.



Bilde 9. Ute av drift, - attgroing. Foto: Jørn Jensen

3.5.2 Artar


Det botanisk interessante ved artssamsetjinga i Leveld er at det er ho strekkjer seg frå semi-naturlege engartar frå låglandet til typiske fjellplanter. Til dømes veks det flekkgrisøyre, dunkjempe, hårsvete, tjæreblom, fjellbakkestjerne, fjelltimotei og fjellmarikåpe på dei kalkfattige tørrengene. På dei rike fuktengene finst skogstorkenebb, kvitbladtistel og bleikstarr. I områda vest for Gurigardstølen finst rike fuktenger – kanskje over mot rikmyr – der det blant anna veks fjellveronika, flekkmure, svartstarr og fjellrapp (Nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap i Buskerud, 1995).

Det har øg vore registrert bakkesøte (*Gentianella campestris*) NT (nær trua), samt fjellbakkestjerne og marinøkkel som har skifta kategori frå NT til LC (livskraftig). Det har øg vorte funne beitemarksoppar som røykkøllesopp (*Clavaria fumosa*) NT, vridd køllesopp (*Clavaria amoenaoides*) VU (sårbar) og ravnerødsopp (*Entoloma corvinum*) NT.

Desse artane er artar som kjem aller sist i suksesjonen (=endring i artsamansetjinga over tid), og er svært sårbare for høgt næringsinnhald, sprøyting og attgroing.

3.5.3 Kartleggingar

Nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap i Buskerud vart gjennomført i løpet av 1990-åra. Dei fyrste områda vart undersøkte i 1992, dei siste i 1997. Til saman vart 50 område registrerte og resultata vart samla i rapporten *Nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap i Buskerud (1999)*. Leveld var blant dei femti registrerte områda. I løpet av åra 2004-2006 har alle dei femti områda vorte synfare og utvikling/tilstand gjennomgått på nytt. I arbeidet med utvalde kulturlandskap har Nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap i Buskerud og oppfylginga av denne vore utgangspunkt for utveljinga.



Figur 7. Kart over botanisk kartlagde område i Leveld.

Rundt tusenårsskiftet jobba Hans Ivar Nesse i Ål kommune. Han kartla ein god del lokalitetar i Leveld, blant anna lokaliteten på Håheim. Han registrerte òg ein stor lokalitet som gjekk stort sett langs heile øvre bygda, med lokalitetsnamn BN00012774 Leveld.

Botanikar Kristina Bjureke (Universitetet i Oslo) var i Leveld i 2008 for ei kartlegging og verdivurdering av kulturlandskapet. Ho var svært oppglødd, og innleia rapporten slik: *"Meget vakker gren med ufattelig flott kulturlandskap og stor variasjon i vegetasjon"*. Kristina Bjureke avgrensa kartlegginga i slåtte- og beitemarka ovanfor gardane i mindre lokalitet («frimerke»). Ho nemner spesielt Eikreberget (850 til 920 m.o.h.) som ei steinete, ugjødsla og artsrik beitemark av høgaste verdi, med blant anna artar som bakkesøte og marinøkkel. Einaste uroa for mangfaldet på denne beitemarka såg ut til å vera at bristen tok til å spreie seg. Ho presiserte at kvalitetane her berre kunne haldast oppe ved jamt beitetrykk. Kristina Bjureke tilrådde sterkt at det måtte gjerast ei grundigare undersøking i 2009, og at det burde bli utarbeidd skjøtselsplaner for ein del utvalde område. Dette vart ikkje vidareført den gongen.

I 2010 fekk Asplan Viak, saman med Miljøfaglig utredning, i oppdrag frå Fylkesmannen i Buskerud og Ål kommune å kartlegge heile kommunen. I Leveld registrerte dei lokalitet Håheim og lokalitet Leveld. Dei konkluderte med at BN00012774 Leveld var eit stort areal og måtte gå ut no som området vart meir detaljkartlagt. Etter denne kartlegginga var det Kristina Bjureke sine registreringar som stod att. Mange av dei lokalitetane ho registrerte har ikkje vorte sett nøyne på etter 2008.

Då Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO) fekk i oppdrag av Miljødirektoratet å ta ei tilstandsvurdering i 2016, fann dei at nokon av lokalitetane var i ferd med å gro att, men på dei aller fleste stadene såg dei at det var rydda for brisk og bjørk i større og mindre grad. Eksempelvis BN00076848 Eikreberget var det tydeleg at den vestre delen hadde hatt eit større beitetrykk enn den austlege. I aust var det sett i gang rydding. Vidare såg NIBIO at lokalitet BN00076844 Gurigardstølane, vest, var i dårleg forfatning. Den vestlege delen av lokaliteten var tydleg gjødsla og den vestlege delen prega av gjengroing. Dei gjorde ingen tilstandsvurdering av kvar enkelt lokalitet, men hadde ei felles kulturlandskapsvurdering. Ved denne synfaringa vart det oppdaga fleire lokalitetar, som vart teke inn i 2017. Det er framleis behov for fleire registreringar og oppdatering av status i mange lokalitetar.

4 ØKONOMI OG KOSTNADER

4.1 Budsjett

Landbruksdirektoratet deler ut pengar til utvalde kulturlandskap i jordbruket. Summen er blir bestemt av nasjonale tildelingar, kor mykje som vart brukt året før og innsendt budsjettforslag. I 2017 fekk UKL Leveld 450 000 kroner. Pengane har vorte brukt til arbeidet med å utarbeide forvaltningsplan, naturtypekartlegging ved NIBIO, forprosjekt istandsetting av bygning («Gjenbruk gammal driftsbygning og ny driftsbygning for sau og ammekyr/bevaringsverdige storfe tilpassa tunet») og rydding av kulturmark/innmarksbeite. Når forvaltningsplanen vart laga, var ikkje tildelinga utført. Budsjettforslaget for 2018 ligg på nærare 1,5 millionar kroner, sjå tabell under.

	Planlegging	Kulturminner	Beite- og landskapsskjøtsel	Andre tiltak	Formidling
Investeringer/engangskostnader - restaurering/istandsetting mv.	225 000 (utarbeid skjøtselsplaner og tilstandsrapporter mv. for bygninger)	575 000 (istandsetting og vedlikehold av bygninger og steingjerder)		110 000 (planlegging og stedstilpasning driftsbygninger)	85 000 (skilting langs vei, nettsider mv.)
Årlige driftskostnader – skjøtsel, vedlikehold mv.	10 000 (møter- og møtegodtgjørelser)	30 000	400 000 (tilskudd til skjøtsel av bratt areal og vegetasjonsrydding)	10 000 (ryddeaksjoner)	50 000 (informasjonsmøter, fagdager, drift grunneierutvalget mv.)
Sum	235 000	605 000	400 000	120 000	135 000

Tabell 7: Innsendt budsjettforslag for UKL Leveld i 2018

4.2 Dagens tilskotsordningar

4.2.1 Produksjonstilskot

Alle bønder som driv aktivt kan søkje om produksjonstilskot (PT) og regionalt miljøtilskot (RMP). I tillegg kan alle føretak som har ein produksjon på landbrukseigedomen som oppfyller vilkåra for å få produksjonstilskot, søkje tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL).

4.2.2 Regionale miljøtilskot (RMP)

RMP er regionalt tilpassa tilskotsordningar som blir finansiert over jordbruksavtalen. Gardbrukaren kan søkje regionalt miljøtilskot ein gong i året.

- Regionale miljøtilskot skal fremje særskilde miljømål i jordbruket:
- Redusere forureining til vatn og luft
- Ta vare på kulturlandskap og kulturminne
- Leggje til rette for friluftsliv
- Ta vare på biologisk mangfald

Det vart i 2016 utbetalt totalt 2 843 762 kroner i regionale miljøtilskot til Ål. Det som kanskje betyr mest for landskapsbilete er støltilskotet. I 2016 var det i Ål til saman 26 stølar (ein av desse er fellesstøl) som fekk totalt 910 000 kroner. Trass ein nedgang på 13 stølar dei siste ti åra er Ål framleis den kommunen i Buskerud som har flest stølar i drift. Det fire gardar i Leveld som driv aktiv stølsdrift.

Det vart i 2016 søkt om tilskot til slått av 3 879 daa verdfullt jordbrukslandskap i fjellet i Ål. Dette utgjer 231 360 kroner i tilskot. Sjølv om me registrerer ein nedgang i kor mykje slåttemark i fjellområda det er søkt om dei ti siste åra, meiner me at tilskot til skjøtsel av areala i fjellet er eit verdfullt tilskot som saman med støltilskotet er med på å halde seterområda i hevd. Trass i at me registrerer ein nedgang i talet på innanfor denne ordninga meiner me at det framleis er eit verdfullt tilskot saman med setertilskotet for å halde seterområda i hevd.

Ordninga med tilskot til beite av biologisk verdfulle areal omfatta i 2016 over 6 000 dyr og 365 000 kroner i tilskot. Vidare vart det i 2017 slege om lag 545 daa i Leveld som oppfylte kravet til tilskot til skjøtsel av bratt areal. Til saman utgjorde det om lag 82 000 tilskotskroner. Talet varierer noko frå år til år avhengig av korleis sommaren har vore.



Figur 8: Grafisk framstilling av bratt fulldyrka areal i Leveld. Grøn farge tyder fulldyrka areal slått og søkt om tilskot, rosa tyder slått fulldyrka areal, men ikkje søkt om tilskot og gul farge tyder bratt, fulldyrka areal som blir beita.

Ein del av desse pengane vart brukt direkte og indirekte i Leveld. Det vil kunne la seg gjera å forsterke gamle og eventuelt etablere nye ordningar direkte retta mot Leveld. Det blir ei vurdering i samarbeid med arbeidsutvalet for UKL Leveld.

	Tal (daa eller dyreeiningar)	Tilskot i kr	Talet på søkjavarar
Slått av verdfullt jordbrukslandskap i fjellet	3 879	231 360	71
Beite av biologisk verdfulle areal	6 000	365 000	31
Skjøtsel av bratt areal	3 777	564 600	109
Stølsdrift	26	910 000	26
Beite av verdfullt jordbrukslandskap i fjellet	13 717	135 360	106
Bygdenært verdfullt kulturlandskap (beiting)	21 105	187 540	

Tabell 8: Dei mest brukte RMP-tiltaka i Ål kommune i 2016.

4.2.3 Spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL)

Spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL) har som føremål er å ta vare på natur- og kulturminneverdiane i jordbruket sitt kulturlandskap, samt redusere forureininga frå jordbruket, utover det som blir forventa gjennom vanleg jordbruksdrift. Eit viktig siktemål med ordninga er å få til ein meir målretta innsats med utgangspunkt i lokale behov, utfordringar og målsetjingar. Ordninga blir finansiert over jordbruksavtalen.

I 2017 fekk Ål totalt 667 108 kroner gjennom SMIL-ordninga. 85 % vart brukt til restaurering av freda og verneverdige bygningar og rydding/inngjerding av gamal kulturmark. Resten vart brukt til dreneringstiltak.

År	Beitydding	Restaurering	Tal saker
2008	56 000	0	2
2009	18 976	0	1
2010	38 528	117 138	5
2011	108 888	134 900	6
2012	0	64 500	3
2013	225 000	45 500	7
2014	29 820	19 200	4
2015	83 680	91 940	4
2016	0	0	0
2017	131 000	0	3
Totalt	691 892	473 178	35

Tabell 9: Tilskot gjennom SMIL til Leveld i åra 2008-2017.


I Leveld har det frå 2008 til 2017 vorte tildelt 1 165 070 kroner fordelt på 35 søkarar. 691 892 kroner har gått til rydding og gjerding i kulturlandskapet, og 473 178 kroner har gått til restaurering av gamle bygningar.

5 LOVVERK

5.1 Kommuneplanen for Ål - status for Leveld

I arealdelen av kommuneplanen for Ål er Leveld sett av til Landbruks- natur- og friluftsområdet (LNF). Ål kommune har delt LNF-områda i tre ulike soner, med ulike reglar for spreidd utbygging. Leveld ligg i LNF-3 Grender. For Nordbygdene (Vats, Leveld og Votndalen) opnar føresegnene opp for å dele frå fem bustadomter og åtte næringstomter utanfor reguleringsplan. Ved frådeling av desse tomtene gjeld §§ 9 og 12 i jordlova.

Frå arealdelen av kommuneplanen vart vedteken i 2010 til 2018 er det i Leveld delt frå tre tomter til bustadføremål og ingen til næringsføremål.



Figur 9: I kommuneplanen for Ål er Leveld sett av til Landbruks- natur- og friluftsområdet (LNF)

I arealdelen er det lagt ei omsynssone kulturlandskap over Leveld. Føresegne til planen seier at det er eit landskap av regional verdi der det bør takast særleg omsyn til teigdeling og kulturhistoriske verdi med omsyn til rekkjetun. Omsynsona er ikkje juridisk bindande, men ei retningslinje for ny utbygging og ombygging. I framtidig revidering av arealdelen er det viktig at dette blir vidareført.

5.2 Statlege føringar

Frå statleg hald er det lagt føringar på at gjennom planlegging skal produksjonsareala i landbruket bli teke vare på. I Noreg utgjer jordbruksareala 3 % av totalt landareal og berre 1/3 av dette er eigna for matproduksjon. Vidare vil sentrale styresmakter at det skal bli lagt til rette for mange ulike former for landbruksdrift.

Kulturlandskapet i landbruket er sikra gjennom plan- og bygningslova § 3-1 første ledd bokstav b), der det står om oppgåver og omsyn i planlegginga. For å få fram kunnskap er det viktig at landbruksnæringa deltek aktivt i planprosessane. Gjennom god planlegging og samarbeid med landbruksnæringa ein i lag få til gode resultat.

Bygge- og anleggstiltak i LNF-føremål blir handsama etter plan- og bygningslova. For å koma inn under føremålet, må tiltaket vera knytt til fylgjande kriterium:

- Produksjon knytt til garden
- Verksemd tufta på og tilpassa gardens eigen ressursgrunnlag

5.3 Lover knytt til jordbruket

Bygge- og anleggstiltak i og i tilknyting til landbruk, blir omtala i rettleiaren «Garden som ressurs» utarbeidd av Kommunal- og moderniseringsdepartementet og Landbruks- og matdepartementet. Landbruksområda i arealdelen blir sortert under samlekategori LNF-område. Interessene i LNF-områda blir først og fremst styrt av anna lovverk, bl.a.:

- jordlova
- skogbrukslova
- reindriftslova
- friluftslova
- naturmangfaldlova
- kulturminnelova
- gjennom reguleringsplan

5.4 Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse

Riksantikvaren har starta eit prosjekt der målet er å få oversikt over landskap av nasjonal kulturhistorisk interesse, mellom anna for å gi auka kunnskap om landskap i kommunane og dei ulike sektorane. Det er i hovudsak jordbrukslandskap som skal vera med, og Leveld er ein god kandidat. Landskapa skal ikkje fredast etter kulturminnelova.

5.5 Regionale planar

Kulturminnekompasset skal sikre godt vern og berekraftig bruk av kulturminne og kulturmiljø i fylket. Som ein del av planen er det valt ut 54 kulturmiljø som fortel viktige delar av Buskerud si historie. Leveld er eit av desse kulturmiljøa.

6 VEDLEGG

Tabell 10: Arkeologiske kulturminne frå jernalder og mellomalder i Leveld.

Id-nr.	Sted	Kulturminne	Merknad
9854-1	Lappgard	Funnstad	Beltestein, kvartsitt, 300-500-talet
68643	Torsteinsrud	Funnstad	Overliggar til dreiekvern, delvis skada, ca. 40-45 cm i diameter, slett underside, ujamn overside. Datering: 200-talet til 1800-talet
9886-1	Ødelien	Funnstad	Funne i gamal hustuft: ein gjenstand av lysgrå, skiferaktig bergart. På den eine flatsida finst eit prikkbygd kors. Over er det hogd eit dobbeltkonisk hol. Samla høgde 8 cm. Mål: 25 x 19 x 4cm. Vekt: 3,035 kg. Hustufta målte 10 x 6m. På staden står i dag stabburet på garden. Funnet blir teke vare på på garden. ØK-registrering 1977
140767	Leveld	Jernvinneanlegg	Veslegard/Gunnarhaugen
80907	Medgard	Jernvinneanlegg	
13023	Ødelien	Jernvinneanlegg	
70850	Ødelien	Jernvinneanlegg	
52428	Hajem	1 kolgrop	
119449	Heimstølen, Underberg	3 kolgropar	
121034	Håheim	6 kolgropar	
122420	Leveld	1 kolgrop	Veslegard
140614	Leveld	2 kolgropar	Veslegard/Gunnarhaugen
140615	Leveld	1 kolgrop	Veslegard/Gunnarhaugen
140618	Leveld	1 kolgrop	Veslegard/Gunnarhaugen
140619	Leveld	1 kolgrop	Veslegard/Gunnarhaugen
122419	Lislelii	1 kolgrop	Gravakotstølen/Gurigardgjerda
80893/1-9	Ødelien	8 kolgropar og eit koldepot	Alle funne innanfor 150 x 200 meter
120697	Øyliåsen	1 fangstgrop	
120990	Oleivsgard, Leveld	6 tufter og 1 vasspost, spor av åker	Truleg svært gammalt gardstun, etter tradisjonen er dette det gamle tunet på Oleivsgard, som tidlegare heitte Levelde
39279	Fredlaushola	1 tuft	Toroms tuft, delvis grave inn i bakken, dels med murrestar. Tradisjon: I 1737

			vart Ola Olson dømt for drap, rømte og skal ha gjøymt seg her
140846	Bakrang	Husmannsplass	Tun med to hustufter og sju rydningsrøyser i kanten av gammal åker, samt to intakte steingjerde
135223	Gurigardgjerdet	Rydningsrøyset	Avlang røyset, 8 x 4 meter, gammal, uviss tid
135224	Gurigardgjerdet	Rydningsrøyset	Rund røyset, 4 x 4 m, gammal, uviss tid

6.1 Dei ulike gardane

Her kjem ei kortfatta skildring av gardane. Til grunn ligg bygdebøkene, "Norske Gardsbruk" og synfaringar.

Løken, gnr. 58:

På vestsida av Votna ligg **Springgard** 58/5. Det var ein husmannsplass under Løken fram til 1775, nemnt tidleg på 1700-talet. Innmarka fell slakt ned mot Votna, medan den skogkledd åsen bak tunet stig bratt opp. Det er flest nyare bygningar på tunet.

Løkengardslåtta 58/8 ligg også på vestsida av Votna, litt høgare enn Springgard. Det var husmannsplass under Løken, nemnt tidleg på 1700-talet. Plassen vart fråskilt Løkengard i 1902 og fråflytta i 1940. Seinare har han høyrt til nedre Løkengard. I dag er det berre ei stugu og restar etter uthusa att.

Nedre Løkengard eller Teigen 58/15 ligg ovanfor Samhald, og er den nedste garden i det samanhengande jordbruksområdet som strekkjer seg gjennom heile Leveld. Garden vart frådelt Løkengard i 1928 og bygd opp på tuftene etter husmannsplassen Løkengardteigen. Her er tidstypiske hus frå slutten av 1920-åra.

Løkengard 58/6 ligg noko høgare opp, på høgde med Haug-gardane. Innmarka ligg i bratte bakker ned mot fylkesvegen. Dette er truleg ein av gardane som vart bygd opp i mellomalderen, og må ha vore delt frå Løken før 1580. Tunet har fleire eldre bygningar.

Haug, gnr. 59:

Garden vart nemnt første gong i 1577, og delt midt på 1600-talet.

Søre Haug 59/1 har tunet om lag 300 meter nordvest for Løkengard, på eit flatare parti i den elles bratte sørvende lia. Dei fleste husa er av nyare dato.

Ganske nær ligg tunet på **nødre Haug** 59/3, med mest nyare bygningar.

Veslehaug, gnr. 60:

Ved **Veslehaug** 60/1 flatar det noko ut. Leveld kyrkje ligg på sørsida av fylkesvegen, på ein liten kolle. Tunet på Veslehaug er plassert like ved den øvre vegen. Her er mest nyare bygningar. Garden er frådelt Torsteinsrud, truleg sist på 1600-talet.

Veslegard, gnr. 61:

Veslegard 61/1 er óg delt frå Torsteinsrud på 1600-talet. Det aller meste av jordvegen ligg på nedsida av bygdevegen, med eit beite på Veslegardhaugane på sørsida av fylkesvegen (sjå eige omtale). Tunet ligg rett nedanfor bygdevegen og har nesten berre eldre bygningar. Låve/fjøs vart restaurert til eit funksjonelt sauefjøs i 2008.

Husmannsplassen **Veslegardgjøta** ligg ned mot Votna. Her er åkerreiner og tufter.

Fekjo 61/4 ligg på elvesletta på sørsida av Votna, og er det austlegaste bruket nede ved elva. Det vart bygt opp som bureisingsbruk i 1924, dei to bygningane i tunet er lite endra.

Torsteinsrud, gnr. 62:

Håkonsgard 62/1 er den austlegaste av gardane i øvre tunrekka, med innmark frå oversida av fylkesvegen og oppover. Tunet ligg noko høgare enn Veslehaugen, og har både eldre og nyare bygningar. Garden vart kalla nedre Torsteinsrud på 1500-talet, men skrive Håkonsgard frå 1641.

Hagen eller Håkonsgardhagen 62/2 ligg på nedsida av fylkesvegen, med det meste av innmarka i flatt lende. På tunet er det både eldre og nyare bygningar. Garden vart eige bruk i 1833. Her er det planar om å byggje nytt fjøs.

Omtrent på høgde med Håkonsgard og rett på oversida av Veslegard, ligg **Torsteinsrud** 62/3. Garden er nemnt frå 1577. Her er eit trøngt firkanttun med mest eldre bygningar.

Gurigard, gnr. 63:

Gurigard er nemnt i 1593. Dei fire Gurigard-bruka har alle tuna på oversida av bygdevegen, dei to austlegaste litt høgare opp enn dei andre to. Innmarka strekkjer seg i smale teigar ned til fylkesvegen, og to av gardane har óg areal over Gunnarhaugen ned mot Votna.



Bilde 10: Tunet på nedre Gurigard (63/6). Foto: Jørn Jensen

Gurigard vart delt i to, øvre og nedre, midt på 1700-talet. Øvre Gurigard vart delt i to ca. 1812.

Desse to gardane har tuna tett saman. **Søre øvre Gurigard** 63/2 har mest gamle hus i tunet.

Øvre Gurigard 63/1 har nyare driftsbygning, medan dei andre husa er eldre.

Nedre søre Gurigard 63/6 er det austlegaste av dei to tuna til nedre Gurigard, som også ligg tett saman. Her er berre eldre hus. Dei to gardane vart delte i 1868.

Nedre nødre Gurigard 63/3 har både eldre og nyare bygningar.

Bakrang 63/18 var husmannsplass under Gurigardgjerdet fra 1869, og vart frådelt i 1941. Då hadde bruket allereie vore utan busetnad i nokre år. I dag er husa borte. Sjå eiga omtale.

Gurigardgjerdet 63/5 ligg på sletta ved Votna, på sørsida av Gunnarhaugen, med innmarka mellom tunet og elva. Her er nyare driftsbygning og nytt våningshus, elles eldre hus.

Kyrkjedelen, gnr. 64:

Denne garden ligg mellom Gurigard og Lappgard i den tettbygde grenda langs bygdevegen. Han er nemnt i 1577. I 1639 var garden delt i to jamstore bruk, nødre og søre Kyrkjedelen, og den søre garden vart delt på nytt i 1720.

Søre Kyrkjedelen 64/1 har som den einaste garden i bygda flytt tunet ned i dalbotnen. Det skjedde rundt 1960. I det gamle tunet står det att ei stugu.

Søre Kyrkjedelen 64/2 vart frådelt i 1720. Dei to søre Kyrkjedelen-gardane har smale teigar fra bygdevegen og ned i dalbotnen, medan dei har delt beita ovafor tuna mellom seg, slik at dette bruket har den øvre delen. Tunet har mest nyare bygningar.

Nødre Kyrkjedelen 64/3 har eit tun med ein stor nyare driftsbygning, elles både eldre og nyare hus. Tunet låg fram til midt på 1800-talet høgare opp. Gunnarstølen på sørsida av elva har vore heimstøl. Der er det dyrka mykje etter at stølsdrifta tok slutt. To stølshus står framleis.

Kyrkjedelmyrane 64/5 ligg på sørsida av Gunnarhaugen, med innmarka på flata ned mot elva. Bruket vart frådelt nødre Kyrkjedelen i 1868, men her var truleg busetnad tidlegare. Bruket vart brukt til 'kårgard' for nedre Gurigard. I dag høyrer det til 60/1 Veslehaug.

Gunnarstølen 64/13 var opphavleg heimstøl til søre Kyrkjedelen 64/1. Garden vart selt i 1927 og bygd opp som eige bruk. Bruket var kjøpt attende til søre Kyrkjedelen. Det ligg på flata på sørsida av Votna.

Lappgard, gnr. 65:

Lappgard ligg mellom Kyrkjedelen og Oleivsgard, og er nemnt som slåttelende i 1588. Garden vart truleg delt i 1627 i nødre og søre Lappgard. Søre Lappgard vart delt i to rundt 1830, og nødre Lappgard i 1837. Alle dei fire brukene har tuna tett saman langs bygdevegen.

Søre Lappgard 65/2 måtte byggje opp nytt tun ved delinga rundt 1830. Her er no mest eldre bygningar.

På øvre søre Lappgard 65/1 ligg tunet på den udelte søre Lappgard. I dag er tunet prega av eit stort våningshus fra 1947 og driftsbygning fra 1931. Her er også eit loft frå rundt 1750. Før krigen låg tunet femti meter lenger opp.

På nødre Lappgard 65/4 ligg tunet på den udelte nødre garden. Her er mest nyare bygningar.

Nødre Lappgard 65/5 oppsto ved delinga i 1837. Her er nyare driftsbygning og våningshus, men også eldre bygningar.

Lappegardmyrane eller Myro 65/6 ligg på flata i dalbotnen, nede ved Votna. Bruket er frådelt nødre Lappegard 65/4 i 1856, men allereie rundt ti år tidlegare vart det bygt kvern bruk i Myrofossen. Her var óg kornturke.

Oleivsgard, gnr. 66:

Oleivsgard er den opphavlege Leveld-garden. Leveld er nemnt i 1557. Dei to namna vart både brukte gjennom 1700-talet, men fra 1780-åra gjekk Leveld-namnet over til å vera namnet på grenda.

Oleivsgard 66/1 bygde opp nytt tun på nedsida av bygdevegen i 1950-åra. Tunet vart freda i 1923, seinare er husa flytt eller rive.

Nødre Oleivsgard 66/4 vart frådelt i 1815. Nytt tun vart bygt på nedsida av bygdevegen i 1930-1940-åra. Det gamle tunet er borte.

Ringstad 66/16 er eit bureisingsbruk nedst i jordet til nødre Oleivsgard, på nedsida av fylkesvegen. Her var gjennom 1800-talet eit bygslingsbruk kalla Myrane eller Oleivsgardsmyrane.

Solvang 66/7 vart frådelt i 1907. Her låg posthuset i bygda i mange år. Bustadhuset er frå byrjinga av 1900-talet. Sjå eiga omtale.

Dokk, gnr. 67:

Denne garden var óg kalla Leveld i den første tida, men fekk namnet Dokken frå tidleg på 1600-talet og Dokk frå 1700-talet. Han er med i skattelistene først på 1600-talet. Både Dokk-gardane har tun på nedsida av bygdevegen. Garden vart delt i to i 1838.

Søre Dokk 67/1 er den opphavlege garden. Her er nyare våningshus og driftsbygning, men óg eldre hus.

Nødre Dokk 67/2 vart fråskilt i 1838 og nytt tun bygd opp heilt inntil det opphavlege tunet. Her er no både nyare og eldre hus.

Nedre Dokk eller Dokkhaugen 67/8 vart frådelt nødre Dokk i 1911. Garden ligg ved fylkesvegen. I tunet er det eit stort våningshus og driftsbygning som vart bygde då garden vart skilt ut. Her dreiv dei med pelsdyr i oppstarten av pelsdyrhaldet i Noreg.

Gudbrandsgard, gnr. 68:

Gudbrandsgard kan óg vera blant mellomaldergardane i Leveld, men er nemnt først i 1510.

Søre Gudbrandsgard 68/1 har tunet ovanfor bygdevegen, med stort våningshus og driftsbygning av eldre dato.

Nødre Gudbrandsgard 68/2 vart frådelt rundt 1750. Tunet på denne garden låg rett vest for tunet i øvre Gudbrandsgard, men husa vart flytt eller rive etter 1950. Det året vart garden delt mellom grannane.

Gudbrandsgardhaugen 68/3 ligg på ein liten haug ved fylkesvegen. På det gamle tunet er det berre eldre bygningar, men det er bygt nytt bustadhus og garasje rett ovanfor. Garden vart skilt ut frå nødre Gudbrandsgard i 1861. Sjå eiga omtale.

Medgard, gnr. 69:

Medgard vart skiven som "Midgaarden Levelde" først på 1600-talet. Han vart delt i to like store delar i 1774.

Søre Medgard 69/1 har tunet ovanfor bygdevegen. Her er ein stor noko ombygd sveitserstilsbygning og nyare bustadhús, driftsbygning og verkstad.

Nødre Medgard 69/4 har tunet rett vest for søre Medgard, med mest eldre bygningar.

Medgardshaugen eller Haugen 69/3 ligg på ein liten haug ovanfor fylkesvegen, attmed Gudbrandsgardhaugen. Bruket vart frådelt søre Medgard i 1884. Sjå eiga omtale.

Øyno 69/22 er eit lite bruk som ligg på nedsida av fylkesvegen like ved bruva over Heståne, eit stykkje vest for dei andre bruka under Medgard. Her er ombygde hus.

Espgard, gnr. 70:

Espgard er truleg óg blant gardane som vart bygde opp i mellomalderen. Han er nemnt i 1615. I 1680 vart Espgard delt i to like store bruk. Seinare har det vore mange garddelingar.

Flåten eller Nedrejorde 70/9 er det austlegaste bruket under Espgard, med tunet på nedsida av bygdevegen. Her er mest eldre hus. Bruket vart frådelt øvre Espgard 70/1 i 1893. Opphavleg var meininga å flytte heile tunet på garden ned hit, men i staden vart garden seld og delt opp.

Nedre Espgard 70/6 har tunet på nedsida av bygdevegen. I utkanten av tunet er eit stort nytt våningshus, elles fleire eldre hus i tunet. Innmarka strekkjer seg frå tunet ned til Votna, i tillegg til eit par dekar dyrkamark ovanfor bygdevegen. Bruket oppsto ved delinga av nedre Espgard (no bnr. 5 og 6) i 1838. Fram til 1908 låg dei to tuna jamsides der bnr. 5 no har tunet.

Øvre Espgard 70/5 ligg ovanfor nedre Espgard 70/6. Dette var den nedre delen av den opphavlege garden, delt i 1680-åra, og tidlegare kalla nedre Espgard. Her er mest nyare bygningar.

Øvre Espgard eller Espgardsjordet 70/1 oppsto ved den første delinga av garden, og tunet på dette bruket vart flytta øvst i jordet. Rundt 1890 vart restane av garden oppdelt i fleire bruk. I det gamle tunet har det i seinare tid berre stått eit tilflytta loft.

Underberget 70/7 ligg øvst i innmarka til Espgard-gardane, med tunet 870 m.o.h. Dette var opphavleg ein heimstøl. Seinare vart det ein husmannsplass fram til 1844, og sidan sjølveigarbruk. På tunet er det mest nyare bygningar.

Håheim, gnr. 71:

Håheim, som ligg vest for Espgard, er blant dei eldste gardane i Leveld. Garden må vera rydda i høgmellomalderen. Han er nemnt som slåttelending i 1588. Garden vart tidleg delt i nedre (søre) Håheim (gnr. 71) og øvre Håheim (gnr. 72).

Søre Håheim 71/1 har tunet på nedsida av bygdevegen, like ved tunet på nedre Espgard 70/6. På tunet er det mest eldre bygningar, med eit våningshus frå 1970-åra i utkanten. Søre Håheim vart delt i to sist på 1700-talet, og dette var den eine delen. Tunet låg tidlegare høgare opp, rett vest for tunet i øvre Espgard.

Myljo Håheim 71/3 vart frådelt nedre Håheim kring 1790. Tunet, som ligg like vest for tunet på søre Håheim, inneheld mest berre eldre bygningar.

Grønehaug 71/10 ligg på ein liten haug litt nedanfor myljo Håheim 71/3. Bruket vart frådelt nedre Håheim i 1922, men truleg har det vore ein plass her før. Bruket vart bygt opp frå 1915 og utover. I tunet er det fleire eldre hus. Våningshus og låve vart pussa opp i 2013-2014

Ådnefeten 71/6 vart frådelt nedre Håheim i 1918, men har storparten av tida vore kårbruk for Gudbrandsgardhaugen. Det ligg på flata sør for fylkesvegen. I tunet er det mest eldre bygningar.

Lislelien 71/5 ligg rundt 500 meter sørvest for dei andre Håheim-gardane, like aust for Heståne. I tunet er det både eldre og nyare hus.

Håheim øvre, gnr. 72:

Desse gardane er dei vestlegaste i tunrekka langs bygdevegen i Leveld.

Lengst aust ligg **Veslehåheim** 72/9, eit småbruk fråskilt øvre Håheim i 1932, og bygt opp på den tida.

Øvre Håheim 72/1 er hovudbølet til øvre Håheim. Her er to tun. Det eldste ligg lengst aust, like ved tunet på Veslehåheim. Her er mest eldre bygningar. Det nyaste tunet på nedsida av bygdevegen druge 100 meter lenger vest har våningshus og driftsbygning frå 1970- og 1980-åra.

Snogsrud 72/4 ligg litt vest for øvre Håheim, med tunet ovanfor bygdevegen. På tunet er det både eldre og nyare hus. Snogsrud var opphavleg husmannsplass, men vart sjølveigarbruk i 1858.

Feten 72/2 ligg rett ovanfor fylkesvegen, med både nyare og eldre hus i tunet. Dette var opphavleg ein plass under Håheim, sjølveigarbruk frå 1830.

Øylien, gnr. 73:

Øylien ligg på vestsida av Heståne. Her er tre bruk på oversida av fylkesvegen, delvis med skog mellom tuna. Øylien har truleg vore eige bruk i høgmellomalderen, men vart lagt øyde etter svartedauen. Garden vart delt i to i 1842.

Søre Øylien 73/1 er den austlegaste av desse gardane, med tunet eit stykkje oppi den sørvende lia. Her er både nyare og eldre bygningar.

Åsheim 73/5 ligg rett sørvest for søre Øylien. Bruket vart frådelt nødre Øylien i 1940 som bureisingsbruk, her var tidlegare ei slåtte. Med unnatak av eit tilflytta loft er husa frå 1940-åra eller seinare.

Nødre Øylien 73/2 hadde opphavleg tun heilt inntil tunet på søre Øylien. Det kan hende at det første tunet til den udelte garden låg her. Etter utskiftinga 1916-1919 vart det flytta til noverande plass rundt 500 meter lenger vest.

Ton søre, gnr. 74:

Ton-gardane er dei vestlegaste gardane i Vats.

Bergaplass 74/6 var opphavleg husmannsplass under søre Ton, sjølveigarbruk frå 1776. Garden ligg rett vest for nødre Øylien. Her er både eldre og nyare hus.

6.2 Eldre bygningar

Springgard 58/5: Loft og bu 1880

Løkensgardslåtta 58/8: Stugu 1934, uthus i forfall

Løkensgardteigen 58/15: Våningshus 1929, driftsbygning 1927

Løkensgard 58/6: Stugu 1850, loft 1878, eldhus 1902, fjøs 1897, smie, badstugu

Søre Haug 59/1: Kårhus 1931, loft 1881

Nødre Haug 59/3: Loft 1880

Veslehaug 60/1: Stolphus

Veslegard 61/1: Stugu 1780, kårstugu 1870, loft 1898, låve, fjøs 1918, trev med stall, vedskåle, smie, badstugu

Fekjo 61/4: Våningshus 1924, driftsbygning 1926
Håkonsgard 62/1: Stugu 1868, loft 1737, trev med stall ca. 1900
Hagen 62/2: Stugu 1897, loft 1930
Torsteinsrud 62/3: Stugu, kårstugu, loft ombygt 1935, låve 1924, trev med stall
Gurigard øvre 63/1: Kårstugu ombygd ca. 1920, loft 1890, fjøs og låve gamle
Gurigard øvre 63/2: Stugu ca. 1880, loft 1920, uthus gamle
Gurigard nedre nødre 63/3: Stugu, loft
Gurigardgjerd 63/5: Stugu ca. 1790, stolphus
Gurigard nedre øvre 63/6: Stugu 1921, loft 1900, låve 1898, fjøs og stall 1929
Kyrkjedelen øvre 64/1: Stugu (i gammalt tun)
Kyrkjedelen øvre 64/2: Stugu
Kyrkjedelen nødre 64/3: Stugu 1893, loft, trev med stall
Kyrkjedeldmyrane 64/5: To stugu, loft, låve og fjøs
Gunnarstølen 64/13: Stugu og driftsbygning fra ca. 1927
Lappegard øvre øvre 65/1: Loft ca. 1750
Lappegard øvre 65/2: Kårstugu 1934, loft 1863, driftsbygning ombygd 1924
Lappegard nødre 65/4: Loft ca. 1790
Lappegard nødre 65/5: Stugu 1904, loft
Lappegardmyrane 65/6: Bu, loft, låve, fjøs, stall
Oleivsgard 66/1: Stugu 1883, loft
Oleivsgard nødre 66/4: Driftsbygning 1935, loft 1949
Solvang 66/7: Bustadhus ca. 1907
Ringstad 66/16: Stugu og driftsbygning 1943
Dokk øvre 67/1: Stugu 1880, drengestugu 1935, loft ca. 1890
Nødre Dokk 67/2: Våningshus 1925, stugu, loft
Nedre Dokk 67/8: Våningshus og driftsbygning 1911
Gudbrandsgard øvre 68/1: Våningshus ca. 1900, stolphus, driftsbygning 1944
Gudbrandsgardhaugen 68/3: Stugu, eldhus, låve, fjøs
Medgard øvre 69/1: Våningshus 1910
Medgardshaugen 69/3: To stugu, loft ca. 1920, låve
Nødre Medgard 69/4: Stugu 1929, eldhus, loft flytt 1906, stall
Fjellheim, Leveld Kunstnartun 69/23: Tilflytta loft
Espegard nedre 70/6: To stugu, stall
Underberget 70/7: Loft
Flåten 70/9: Våningshus 1899, loft, driftsbygning 1896
Søre Håheim 71/1: Kårstugu 1912, loft 1861, låve, fjøs og trev med stall 1870
Myljo Håheim 71/3: Stugu ca. 1850, låve ca. 1875 med fjøs 1951, stallar ca. 1900, loft
Lislelien 71/5: Våningshus 1923, stugu 1860, eldhus
Ådnefeten 71/6: Våningshus 1942, eldre uthus
Grønehaug 71/10: Våningshus 1915, kårhushus 1944, loft 1946, driftsbygning 1920, trev med stall 1930
Øvre Håheim 72/1: Stugu 1880, stugu 1920-åra, loft 1900
Feten 72/2: Stugu ca. 1850, loft 1880
Snogsrud 72/4: Stolphus, fjøs og låve 1932
Veslehåheim 72/9: Stugu 1935, driftsbygning 1937, loft
Øylien øvre 73/1: Loft 1880, driftsbygning 1924
Øylien nødre 73/2: Stugu 1880, driftsbygning flytt 1922, loft
Åsheim 73/5: Loft
Bergaplass 74/6: Kårstugu, stolphus og loft ca. 1860, eldhus

6.3 Endringar i perioden 2008-2018

Fyste utkast forvaltningsplan for Leveld vart utarbeid i 2008. Tufta på opplysningar frå byggesak i kommunen og dei einskilde eigarane har me fått oversikt over bygningsmessige endringar dei siste ti åra. Dette gjeld både nybygg, riving og endringar i form av ombygging og tilbygg. Me har fått opplysningar frå 25 gardsbruk om endringar av 32 ulike bygningar. Tre hus er rive, to av dei er førløper.

Tabell: Endringar i bygningsmassen i Leveld i løpet av dei siste ti åra (2008-2018).

TYPE	TAL
Nybygg våningshus	7
Nybygg låve/fjøs	4
Nybygg garasje o.l.	3
Tilbygg våningshus	7
Tilbygg uthus	3
Flytting	1
Riving	3
Anna	4

6.4 Naturtypar

I 2018 var det registrert tjue lokalitetar i Miljødirektoratet sin naturbase av verdfulle naturtypar i Leveld (naturbase.no). 14 av dei var naturbeitemark, to artsrike vegkantar, ei hagemark, ein beiteskog, ei slåttemark og ei slåtte- og beitemyr.

Naturbeitemarkene i Leveld er prega av lang kontinuitet. Stort sett blir lokalitetane brukte på ein slik måte at dei botaniske verdiane blir helde ved like, det vil seie høgt nok beitetrykk og ingen gjødsling. Nokre lokalitetar står i større fare for å gro att enn andre.

Tabell: Registrerte lokalitetar i naturbasen til Miljødirektoratet (naturbase.no). Verdsetjingane går frå A-C, der A er svært viktig, B er viktig og C er lokalt viktig.

Lokalitet	Namn	Naturtype	Verdi
BN00012713	Tegistølen	D04 Naturbeitemark	B
BN00012724	Håheim	D05 Hagemark	B
BN00076852	Espegard nord	D04 Naturbeitemark	C
BN00076854	Medgardstølane	D04 Naturbeitemark	B
BN00076851	Medgardstølane sør, mot Ivarberget	D06 Beiteskog	B
BN00076850	Medgardstølane, aust	D04 Naturbeitemark	C
BN00075847	Hovdestølen	D04 Naturbeitemark	A
BN00076849	Eikreberget	D04 Naturbeitemark	A
BN00076848	Eikreberget, aust for	D04 Naturbeitemark	C
BN00076846	Oleivsgardstølen	D04 Naturbeitemark	B

BN00076845	Oleivsgardstølen, nordaust	D04 Naturbeitemark	C
BN00076844	Gurigardstølane, vest	D04 Naturbeitemark	C
BN00046843	Gurigardstølane	D02 Slåtte- og beitemyr	B
BN00076841	Veslehaug (egentleg Håkonsgard)	D03 Artsrik veggkant	B
BN00076842	Veslehaug (nord)	D03 Artsrik veggkant	C
BN00113550	Bergton	D04 Naturbeitemark	A
BN00113552	Åsheim	D04 Naturbeitemark	B
BN00113551	Lislelien	D04 Naturbeitemark	B
BN00113553	Håkonsgard	D01 Slåttemark	B
BN00113549	Gurigard	D04 Naturbeitemark	A

6.5 Status botanisk kartlegging

Mange av kartleggingane er gamle. Nokon er frå 2000, dei fleste frå 2008. Oppramsing av lokalitetane, med litt info om kvar, følgjer:

BN00113550 Bergton

Svært viktig naturbeiteeng (A), registrert av NIBIO v/Kristin Daugstad

Svakt kalkrik eng med klart hevdpreg T32-C6, og kalkrik fukteng med mindre hevdpreg T32-C9.

Den nordaustlege delen av lokaliteten var byggåker for lang tid attende. Den har framleis lite innslag av grasartar, men eit stort mangfald av blomeartar og marinøkkel. Den andre delen av lokaliteten er ganske rik og har noko tørr, men mest frisk og fuktig eng.

Femten typiske seminaturlege engartar, med potensiale for fleire. Handmarinøkkel (VU) og høstmartinøkkel (VU) vart registrert. Fleire artar indikerer ugjødsla mark og det er lite sådde artar. Av seminaturlege artar kan ein nemne aurikkelsveve, blåklokke, brudespore, dunkjempe, gulaks, harerug, hårsveve, marinøkkel, prestekrage, raudknapp, småengkall og sumpmaure.

BN00113552 Åsheim

Viktig naturbeiteeng (B), registrert av NIBIO v/Kristin Daugstad

Intermediær eng med klart hevdpreg T32-C4.

Før synfaringsdagen hadde beitet vorte nedbeita av sau. Det er difor truleg at det veks fleire artar der enn det som vart registrert. Det er ingen sådde artar og fleire artar indikerer at det ikkje har vore gjødsla. Av seminaturlege engartar kan det nemnast aurikkelsveve, blåklokke, gulaks, handmarinøkkel (VU), harerug, marinøkkel, raudknapp og sumpmaure. Potensiale for å finne beitemarksopp er stort.

BN00113551 Lislelien

Viktig naturbeiteeng (B), registrert av NIBIO v/Kristin Daugstad

Eng med klart hevdpreg T32-C4.

Før synfaringa hadde beitet vorte nedbeita av sau. Det er difor truleg at det veks fleire artar der enn det som vart registrert. Av typiske engartar for seminaturleg eng vaks det aurikkelsveve, blåklokke, engnellik, fjelltimotei, gulaks, harerug, hårsveve, raudknapp, gjeldkarve og kvitmaure. Det vart òg funne to typar vokssopp, men desse vart ikkje artsbestemte. Våren 2017 vart det funne fleire eksemplar av handmarinøkkel (VU).

BN00012724 Håheim

Viktig hagemark (B), registrert av Hans Ivar Nesse (2001 og 2003), Kristina Bjureke (2008) og Rune Solvang (2010). Lokaliteten har òg vorte vurdert av NIBIO i 2016.

Ospedominert hagemark og open naturbeitemark.

Fattig feltsjikt dominert av smyle, gulaks, og engkvein, samt tepperot, gjerdevikke, skjirmsveve, aurikkelsveve, maiblom, tveskjeggveronika, kattefot, skogstjerne, marimjelle, harerug, legeveronika, raudknapp, flekkgrisøyre, prestekrage, småengkall, markjordbær og skogstorkenebb. I dei opne områda er det mykje tepperot, harerug og fjelltimotei. Lokaliteten er spesielt verdfull for holerugande fugl. I 2011 vart det registrert at det ruga ein dvergspett der. Det er sjeldan at den vel å ruga i hagemark. Andre fuglar som vart registrerte var kjøttmeis, svartkvit flugesnappar og stær (NT).

BN00076852 Espgard, nord for (70/4,5, 70/8)

Lokaltiktig naturbeitemark (C), registrert av Kristina Bjureke i 2008, Ask rådgivning har gjennomgått områdeskildringa.

Frisk fattigeng.

Enga synte tendens til gjødselpåverknad i 2008, men hadde middels rik botanikk. Langs kantane var det mest artsrikt med aurikkelsveve, kattefot, småsyre, fjellmarikåpe, følblom, rylik m.m. Elles var det engkvein, harerug, blåklokke, prestekrage, sølvbunke, gulaks, raudknapp, engsyre, kvitbladtistel, setergråurt, firkantperikum, engsmelle, snuveronika, grasstjerneblom, skogstorkenbb, engsoleie, raudkløver, kvitkløver og tyrihjelm. Langs bekk voks det blant anna kjeldeurt, paddesiv og knereverumpe.

BN00012713 Tegistølen

Viktig naturbeitemark, synfare av Hans Ivar Nesse i 2000.

Hagemarksskog og stølvoll.

Berre grovsynfare, ingen sjeldne eller spesielle artar vart påvist, men artsinventaret tyda på langvarig hevd utan gjødsling.

BN00076854 Medgardstølane

Viktig naturbeitemark, synfare av Kristina Bjureke i 2008. Ask rådgiving har gjennomgått områdeskildringa.

Frisk fattigeng beitet.

Ugjødsla naturbeiteeng med førekommst av marinøkkel (NT), fjellmarikåpe, augetrøyst, harerug, finnskjegg, flekkmure, gulaks, raudkløver og kvitkløver. Kjeldeurt i bekk.

BN00076851 Medgardstølane, sør, mot Ivarberget (69/4)

Viktig beiteskog (B), synfare av Kristina Bjureke i 2008. Skildringa gjennomgått av Ask rådgiving.

Naturbeiteng og beiteskog frå tørrbakke til fuktig myr.

Friskt beite med raudsvingel, engkvein, sylvbunke, harerug, sumpmaure, fjellmarikåpe, kvitkløver, raudkløver, tyrihjelm, bleikstarr, fjelltimotei, snauveronika og skogkarse. Langs kantane meir finnskjegg og augetrøyst. Gjennom enga renn ein bekk med kjeldeurt, slåttestarr, gråstarr og skogkarse. Ved overgangen til myr voks flaskestarr. Kastanjesiv, myrsauløk, trådvis m.m. I bjørkeskogen vaks det meir småbregner og kreling.

Beitet hadde litt lite beitetrykk i 2008, var truga av attgroing.

BN00076850 Medgardstølane, aust (67/1,2)

Lokalt viktig naturbeitemark (C), registrert av Kristina Bjureke. Skildringa gjennomgått av Ask rådgiving.

Frisk fattigeng beitet.

På avstand ser det ut som eit trivielt sylvbunkebeite. Ved nærmare ettersyn lenger opp i bakkane var beitet meir variert. På tørre parti vaks det aurikkelsveve, fjellrapp, blåklokke, finnskjegg, småsyre, tiriltunge, smyle og gulaks. På friske parti vaks engkvein, raudsvingel, raudkløver, engsyre, vanleg arve, skogstorkenebb, fjelltimotei, småengkall, sylvbunke, kornstarr og snauveronika. I myrsig vaks blant anna ljåblom, myrklegg, myrhatt, slåttestarr, stjernestarr, torvull, gråstarr, trådstarr, dystarr, kjeldeurt og paddesiv. Mot vegen var det typisk nitrofil vegetasjon med stornesle, tunrapp og gjetartaske.

BN00076849 Eikreberget

Svært viktig naturbeiteeng (A), registrert av Kristina Bjureke. Skildringa gjennomgått av Ask rådgiving.

Frisk fattigeng beita.

Artsrik og botanisk verdifull eng. Gulaks og finnskjegg dominerer vegetasjonen, med førekommstar av bakkesøte (NT) og marinøkkel. Av andre artar voks det augetrøyst, småengkall, harerug, fjellmarikåpe, sumpmaure, raudsvingel, ljåblom, blåklokke, seterfrytle, bråtestarr, prestekrage, karve, vanleg arve, rylik, blåkoll, raudknapp, tiriltunge, aurikkelsveve, kvitkløver, firkantperikum, raudkløver, grasstjerneblom og tepperot. I 2008 var lokaliteten i fare for å gro att.

BN00076848 Eikreberget, aust for (65/5 og 66/1)

Lokalt viktig naturbeiteeng (C), registrert av Kristina Bjureke i 2008. Skildringa gjennomgått av Ask rådgiving.

Frisk fattigeng beita.

Mesteparten tørr eng, frisk høgare opp. Flekkvis mykje vrangdå der det har vore kvistbrenning. Elles typisk næringsfattig vegetasjon med finnskjegg, hårsvete, gulaks, fjellmarikåpe, prestekrage, blåklokke, blåkoll, augetrøyst m.m. Øvst frisk karveeng.

BN00076847 Hovdestølen

Svært viktig naturbeiteeng (A), registrert av Kristina Bjureke i 2008. Skildringa gjennomgått av Ask rådgiving.

Frisk fattigeng beita.

Botanikken syner at enga har vore i lang tids hevd utan gjødsling. Stor populasjon med bakkesøte (NT), fjellmarikåpe, ljåblom, harerug, småengkall, kvitmaure, seterfrytle, gulaks, augetrøyst, karve, aurikkelsveve, finnskjegg, fjellrapp, fjelltimotei, småbergknapp, sumpmaure, bleikstarr, tiriltunge, brisk, engsmelle, småsyre, ryllik, legeveronika, stemorblom, raudkløver, grasstjerneblom og blåkoll.

BN00076846 Oleivsgardsstølen

Viktig naturbeiteeng (B), registrert av Kristina Bjureke i 2008. Skildringa gjennomgått av Ask rådgiving.

Frisk fattigeng beita.

Tørrbakke fram til bygning. Førekomst av marinøkkel (NT), flekkmure, fjellmarikåpe, kattefot, harerug, småengkall, fjelltimotei, bleikstarr, stivstarr, slåttestarr, kornstarr, legeveronika, sauesvingel, seterfrytle, ryllik gullris, blåklokke, maiblom, setergråurt, finnskjegg, gulaks. Innimellan parti med sylvbunke, skogstorkenebb, engsyre og brisk.

BN00076845 Oleivsgardstølen, nordaust

Lokaltiktig naturbeiteeng (C), registrert av Kristina Bjureke i 2008. Skildringa gjennomgått av Ask rådgiving.

Frisk fattigeng.

Austvendt tørr kalkfattig bakke med fin førekomst av raudsveve. Elles artsfattig vegetasjon med smyle, sauesvingel, kattefot, tiriltunge, blåklokke og litt tyrihjelm.

BN00076844 Gurigardstølane, vest

Lokaltiktig naturbeiteeng (C), registrert av Kristina Bjureke i 2008. Skildringa gjennomgått av Ask rådgiving.

Frisk fattigeng beita.

Frisk eng med artar som karve, harerug, fjelltimotei, hårstarr, småengkall, fjellmarikåpe, gulaks, kornstarr, blåklokke og kvitbladtistel. Ved registrering var det ein del brisk. Då NIBIO hadde tilstandsvurdering, meinte dei at denne lokaliteten var delvis gjødsla og delvis i ferd med å grå att.

BN00076843 Gurigardstølane

Viktig slåtte- og beitemyr (B), registrert av Kristina Bjureke i 2008. Skildringa gjennomgått av Ask rådgiving.

Slåttemyr og naturbeiteeng.

Ei frisk til fuktig beita eng til intermediær rik myr i seterlandskap, som blir beita av sau og geit. Mot bygningane mykje sylvbunke, engsyre, groblad, engsoleie, kvitkløver og stornesle. Nord for bygningane mindre gjødselpåverka og artsrik. Fin førekomst av ljåblom og myrklegg. Elles voks det harerug, sumpmaure, fjelltimotei, hårstarr, kornstarr, slåttestarr, kjeldemjølke, myrhatt, sylvbunke, raudkløver, karve og noko brisk. Dei tørrare partia voks sauesvingel, finnskjegg, legeveronika, seterfrytle, gulaks, tepperot, følblom, raudknapp, bleikstarr og stemorblom.

BN00113549 Gurigard

Svært viktig naturbeiteeng (A), registrert av NIBIO v/Kristin Daugstad i 2017.

Svakt kalkrik eng med klart hevdpreg T32-C6, svakt kalkrik tørreng med klart hevdpreg T32-C16, intermediær eng med klart hevdpreg T32-C4, kalkrik fukteng med mindre hevdpreg T32-C9. Det er øg innslag av intermediær (V9-C2) og kalkrik (V9-C3).

Stor lokalitet med stort mangfold av vegetasjonstypar og artar. Av typiske seminaturlege engartar vaks det aurikkelsveve, bakkestjerne, 20-30 individ bakkesøte (NT), blåklokke, brudespore, dunkjempe, engfiol, engnellik, fjelltimotei, flekkgrisøyre, fuglestarr, gjeldkarve, gulaks, harerug, hårsveve, jonsokkoll, ljåblom, kattefot, kvitmaure, marikåpe sp, marinøkkel, prestekrage, raudknapp, småengkall og sumpmaure. Fleire vanlege artar indikerer ugjødsela mark. I våtare parti voks enghumleblom, fjellfrøstjerne, gulstarr, marigras, mjødurt, myrhatt, myrsauløk, skogsiv, slåtttestarr, stjernestarr, sumphaukeskjegg, tettegras, trådsiv og vendelrot

BN00113553 Håkonsgard

Viktig slåttemark (B), registrert av NIBIO v/Kristin Daugstad i 2017.

Svakt kalkrik eng med klart hevdpreg T32-C6.

Slåttemark i svak hevd med typiske engartar for seminaturleg mark, med desse artane registrert: blåklokke, engknoppurt, engfiol, flekkgrisøyre, gulaks, harerug, hårsveve, jonsokkoll, flekkmure. Andre vanlege artar var engkvein, raudsvingel, sølvbunke, sauesvingel, smyle, blåkoll, fjellmarikåpe, gjerdevikke, grasstjerneblom, enghumleblom, sumphaukeskjegg, myrhatt og mjødurt. Delar av området er ikkje rydda med skogvegetasjon med blåbær, blokkebær, tågebær, skogkløver, skjermesveve, gullris, tepperot og firkantperikum.

BN00076841 Veslehaugen, nordvest (60/1)

Viktig artsrik vegkant (B), registrert av Kristina Bjureke i 2008. Skildringa gjennomgått av Ask rådgiving.

Artsrik vegkant.

Lokaliteten ligg på steinheller med svært skrinn vegetasjon. I bergsprekkane voks fjellrapp, kattefot, aurikkelsvee, sauesvingel, legeveronika, småbergknapp og stemorblom. På restfragment av eng vaks flekkmure, småengkall, fjellstjerne, kvitmaure, gulaks, engkvein, raudknapp, engsmelle, blåkoll, fjelltimotei, engfrytle, sumpmaure, vendelrot, karve, følblom, harerug, hundekjeks, vanleg arve og ryllik. Mykje av denne lokaliteten rasa ut i eit lite jordskred. Usikkert kor stor verdien er i 2018.

BN00076842 Veslehaugen, nord

Lokalt viktig vegkant (C), registrert av Kristina Bjureke i 2008. Skildringa gjennomgått av Ask rådgiving.

Frisk fattigeng, finnskjegg-fjellmarikåpe G5b.

Ugjødsla liten eng som vart slege, med artar som harerug, småengkall, fjellmarikåpe, gulaks, kvitmaure, blåklokke og kvitbladtistel. Ved NIBIO si synfaring i 2016 var denne lokaliteten delvis grodd att og hadde delvis vorte plen. Han er ikkje teken ut frå Naturbase sitt kart.



Fylkesmannen i Oslo og Viken

Besøksadresser:

Moss: Vogts gate 17
Oslo: Tordenskioldsgate 12
(inngang fra sjøsiden)
Drammen: Statens Hus, Grønland 32

Postadresse:
Postboks 325
1502 Moss

Telefon: 69 24 70 00
fmovpost@fylkesmannen.no
www.fylkesmannen.no/ov

